

ÅRSBERETNING FOR ØRSTA OG VOLDA HUNDEKLUBB 2009

Styret i ØVHK har i 2009 bestått av:

Styreformann:	Hildegunn Bondhus (2år)
Nestformann:	LinnWangen Mork (1år)
Kasserar:	Per Gunnar Engetrøen(2år)
Sekretær:	Vibecke Carlsson (1år)
Styre medlem:	Ingunn Boye Olsen (2 år)
Styre medlem:	Sveinar Kleive (1år)
Vara :	Ingrid Hesjadalen (1år)
Vara :	Sølvi Moe (1år)
Vara :	Kirsti Geitvik Wollmann (1år)

Det vil seie at dei som står 1 år bak er på valg for 2010 og framover.

Det har i 2009 vore 6 styremøter inkludert årsmøte. Referat frå møta har vore lagt ut på heimesida ovhk.com. All anna informasjon til medlemmane har og vore lagt ut på heimesida til klubben. Klubben har 94 medlemmar.

Treningane fåregår no på området rundt Tussa kontorbygget i Hovdebygda. Det er eit fint område og ikkje minst reint for glas-skår som vi var plaga av på e-verket sitt område. Det er også plen der som vi kan bruke. Det ligg også meir strategisk til midt i mellom Ørsta og Volda. Det har i år vore veldig bra oppmøte på treningane. Systemet med organiserte treningar ser ut til å få fleire til treningane både av gamle og nye hundeeigara.

Vi har i sommar og haust vore i kontakt med Ørsta kommune om å få disponere eit område på Mo inntil det vert satt iverk anleggsvirksomheit der. Fonna stadion er som kjent deponi ,og bana på Vallabøen er for lita. Etter mykje om å men var det i kommunestyret avgjort at vi skulle få mellombels disponere eit område. Men tregehet i systemet i kommuna har gjort att vi ikkje endå har fått peika ut eit område slik at vi kan få satt opp bana. Ein bonde på Mo har også sagt seg villig til å gje oss eit område inntil vidare. Men på grunn av den tidlige vinteren og store snømengder vart prosjektet inntil vidare sjølvstoppa. Vi tek oppatt tråden så snart det vårast.

Det har i år vore eit svært aktivt år når det gjeld kurs og aktivitetar i klubben.

I april var det dressur lydigheitskurs med Ellinor og John Kjetil. Kurset var veldig givande og vil og gå til våren.

Britt Unni frå Sykkylven hadde vårens kvelpe- og dressurkurs. Over tjue ekvipasjer var påmelde. Ho hadde hjelp av medlemmar frå klubben, blant anna Mari som då heldt på å utdanne seg som instruktør.

Det var også arrangert blodsporkurs. Det var Sveinar Kleive og Ove Haukeberg som var instruktørar. Det er veldig bra att klubben også arrangerer kurs utover vanlige dressurkurs slik att ein får dekt opp andre hundsportinteresser.

Seinare på året hadde Kjellaug Buset frå Ålesund eit kvelpe- og dressurkurs. Det var vel 30 påmelde. Også medlemmer frå klubbe var med å hjalp til å gjorde ein flott innsats.

Som vanlig gjekk vi i 17. mai tog både i Ørsta og Volda. Dette er faktisk eit veldig populært innslag blant Voldingane og Ørstingane. Det fekk vi faktisk bokstaveleg betalt for. Ein Ørsting, som sjølv er hundeeigar, gav klubben ei pengegåve på 10 000,- kroner rett før jul. Han var svært takksam for den innsatsen klubben gjer , og særst på 17. mai.

I juni hadde vi sommeravslutning i parken ved e-verket i Ørsta. Klubben har kjøpt seg gass-grill som vi fekk stor nytte av. Det var mange oppmøtte , både hundar, eigara og øvrig familie. Vi hadde og nokre aktivitetar blant anna spurtløp med tidtaking for hund og eigar. Dette var svært populært både for tilskodara og deltakara og må gjentas seinare. Heile tilstelningen var svært vellykka og er igrunn vorte ein fast årleg ”happening” .

Det var og to organiserte turer for medlemmane i klubben. Den eine var i juni og gjekk opp i fonna. Den andre var i Gjeitvika i mai. Trivelege tiltak som ein burde gjere oftare.

September den 5. hadde vi vårt årlege offesielle stemne i agility, agility hopp og lydigheit. Vi arrangerte og som vanleg kveldpeshow. Det var i år også 3 dommara pga stor påmelding dei siste åra. Vi leigde og inn erfarne folk til skriving i agilityringen. Arrangementet gjekk veldig greit, sjølv om vi som vanlig hadde litt å forbedre til neste år. Vi gjekk ein del tusen i pluss på stemnet.

Ellers har klubben fått ein ferdig utdanna instruktør trinn 1. Mari Strand vart i oktober eksaminert. Gratulerer!! Klubben har sponsa utdanninga til ho, og ho har då forplikta seg til å halde avtalte kurs for klubben framover. Mari kan og leigast inn ved seinare høve. Ingrid Hesjadalen held og på å utdanne seg i det same, og er ferdig i mars. Det er svært gledelig for klubben å få instruktørar blant medlemmane. Bra jobba.

Julebordet til klubben vart avholdt på Bondhus trafikkskule. Det var stor påmelding, 17 stykker. Det var høg stemning og dei som ikkje var der kan berre angre. Dei argaste heldt på til klokka to om natta seiast det. Vi ser fram til neste års begivenheit.

Klubben vil også takke Bondhus for utruleg rimeleg leige av lokalet til både møter, kurs og festligheiter. Håpe vi kan gå inn i same gode avtale til neste år.

Ellers vil ØVHK takke alle som har gjort ein innsats for klubben i 2009, både på stemnet og ellers, ingen nevnt ingen gløymt. Takker også medlemmane for godt oppmøte på treningane slik at vi kan ha det fageleg og sosialt i lag. Ynskjer alle ein god ny sesong.

Ørsta og Volda Hundeklubb
Styret
Sekretær
Vibecke Carlsson